

## BARNEHAGELÆRERUTDANNINGA

### Melding om fare for å få praksisperioden vurdert til ikkje bestått

Så snart det er tvil om ein student kan bestå praksisperioden, skal praksislærer kontakte praksisadministrasjonen på [praksis-lui@oslomet.no](mailto:praksis-lui@oslomet.no), med kopi til styrer/leiar.

Fagleg rettleiar frå OsloMet tek kontakt med praksislærer, og avtaler møte om fare for ikkje bestått. Møtet blir normalt halde i barnehagen. I forkant av møtet har praksislærer ansvar for å informere studenten om at det vil bli gitt ei melding om fare for ikkje bestått praksis. Praksislærer skal også informere studenten om kven som er fagleg rettleiar frå OsloMet, slik at studenten kan kontakte vedkommande for eventuelle spørsmål før møtet.

Så langt det er mogleg, er det ønskjeleg at styrer er med på møtet, og/eller gir rettleiing til praksislærer i forkant.

I forkant av møtet skal praksislærer ha skrive eit gjennomarbeidd utkast av meldinga om fare for ikkje bestått praksis. Utkastet skal vere digitalt, og dette skjemaet skal brukast.

Praksislærer, fagleg rettleiar og student er til stades på møtet når meldinga blir gjennomgått.

**Relevante vedlegg, som logg for rettleiing så langt i praksisperioden, eventuelt midtvegsvurdering og eventuelt fråværslogg, skal følgje med meldinga.**

Namn på praksisstad	Tidsrom for praksisperioden (veker/dato)

Studentnamn	Studentnummer	Klasse og kull

Med dette blir det informert om at studenten står i fare for å få praksisperioden vurdert til ikkje bestått. Denne meldinga er ei stadfesting på at praksislærer er i tvil om studenten kan nå målet til utdanninga for praksisperioden ved slutten av praksisperioden. Det er krav om at studenten må vise tilfredsstillande framgang i resten av praksisperioden for å få bestått.

	Dato	Signatur
<b>Praksislærer</b>		
<b>Fagleg rettleiar</b>		
<b>Student</b>		

Studenten signerer på at meldinga er lesen, ikkje nødvendigvis på semje. Studenten skal ha originalen av meldinga, og barnehagen beheld ein kopi ut studieåret. Student, praksislærer og rettleiar frå OsloMet skal skrive under.

**Den signerte meldinga skal lastast opp i eit nettskjema. Praksislærer eller styrar kontaktar praksisadministrasjonen på e-post, og får tilsend lenkje.**

[praksis-lui@oslomet.no](mailto:praksis-lui@oslomet.no)

**Bruk døme og beskrivingar i rubrikkane under, og legg ved vedlegg viss det ikkje er plass i skjemaet. Her finn du «Råd ved utfylling av melding om fare for ikkje bestått»:**

<https://student.oslomet.no/rad-utfylling-fare-for-melding-praksis-blu>

**1. Beskriv og gi døme på kva studenten ikkje meistarar.**

- Vis til konkrete læringsutbyttebeskrivingar, oppgåver og/eller krav til progresjon i støtteverktøyet «Progresjon i praksis».
- Inkluder også relevante beskrivingar av ansvarskjensla til studenten når det gjeld å møte i tide, halde avtalar, levere inn skriftleg arbeid til gitte fristar, og forståinga av studentrolla.

**2. Kva krav må studenten oppfylle for å meistre og bestå praksisperioden?**

- **Meldinga skal innehalde tydelege og konkrete tiltak til forbetring, som har ein tydeleg og systematisk samanheng med beskrivingar i rubrikk 1.**

**3. Korleis skal praksislærer følgje opp?**

**Oppfølgingspunkt som gjeld alle fare-for-meldingar:**

- **Praksislærer ser til at ho/han gir studenten all den vekefaste formelle rettleiing ho/han har krav på i praksisperioden.**
- **Uformell rettleiing og eventuelle andre møter, inkludert varslingsmøte om fare-fôr ikkje bestått praksis, blir rekna utanom tida til formell rettleiing. Sjå «Retningslinjer for praksisstudiar» om omfanget av formell rettleiing.**

**Eventuelle tilleggsmoment for denne fare-for-meldinga:**

**Frå forskrift om studiar og eksamen ved OsloMet – storbyuniversitetet**

**§ 5-1. Generelt om praksis**

(1) Der praksisstudiet er gjenstand for fagleg vurdering skal studenten få jamleg rettleiing og tilbakemelding slik at studenten er orientert om korleis vedkommande fungerer i forhold til krava for å bestå praksisstudiet.

**§ 5-2. Ved tvil om studenten består praksis**

(1) Dersom det er tvil om studenten vil bestå praksisperioden skal fakultetet skriftleg varsle studenten om det så snart som mogleg. Nærare fristar for slikt varsel kan vere gitt i nasjonal rammeplan/retningslinjer for den enkelte utdanninga. Studenten skal samtidig med varselet tilbydast ein samtale.

(2) Varsel skal givast skriftleg og angi kva studenten ikkje meistrar, og kva krav som må oppfyllest for at studenten skal kunne bestå praksisstudiet.

**§ 5-3. Ikkje bestått praksis.**

(1) Studenten kan få resultatet “ikkje bestått” etter ei fagleg vurdering, jf. § 5-1 (1).

(2) Studenten kan få resultatet “ikkje bestått”, utan at det er gitt skriftleg varsel på førehand dersom:

- a. studenten ikkje oppfyller kravet til nærvær eller oppmøte
- b. der studenten ikkje får høve til å fullføre praksisperioden på grunn av forhold som kjem av studenten sjølv.
- c. studenten mot slutten av praksisperioden viser handling eller åtferd som utvilsamt gir grunnlag for å ikkje bestå praksisstudiet.

(3) Dersom det ligg ei fagleg vurdering føre med karakteren “ikkje bestått”, kan eit utval utnemnt av fakultetet stadfeste eller annullere karakteren.